



Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/36192

Sakshandsamar: Norvall Bakke

Dato: 29.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
084/22	Kommunestyret	16.06.2022
047/22	Formannskapet	13.06.2022

Bordgleder Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Formannskapet 13.06.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt mot 2 røyster frå Raudt.

FORM- 047/22 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Kommunestyret 16.06.2022:

Handsaming:

Innstilling frå formannskapet 13.06.22, foreslått av ,
Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Habilitetvurdering av Jacob Nødseth som er styreleiar i Bordgleder KF, då ein skulle diskuterte godgjersle.

Nødseth erklært inhabil med 21 røyster (V 3, H 5, FRP 2, SP 7, R 4).

Nødseth fråtrede under diskusjon om godgjersle, men fekk orientere generelt om selskapet.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 084/22 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Bordgleder Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Bordgleder Kinn kommune KF per 31.12.2021. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 10.05.2022 utan atterhald, men med ei presisering om at rekneskapen var avlagt etter fristen i kommunelova 22. februar 2022.

Kontrollutvalet har i møte 24.05.2022 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 008/22:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 10.05.2022
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 530 301, kan godkjennast.

Årsrekneskapen består av:

- a. balanse per 31.12.2021
- b. oversikt over løyvingar til drift og investeringar
- c. økonomisk oversikt drift
- d. oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
- e. notar og oversikt over viktige rekneskapsprinsipp

Vurderingar:

Rekneskapen for 2021 viser eit netto driftsresultat på kr 530.301 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp med eit udekka beløp på kr 376.526.

For lav avsett arbeidsgjevaravgift i 2021 rettes opp i 2022.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2021 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2021 utgjør kr 1.236.528.

Udekka i investeringsrekneskapet skuldast manglande budsjettering i investering knytt til inventar/utstyr og overføring frå drift til investering for dekking av eigenkapitalinnskot KLP pensjonsordning.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Vedlegg i saken:

Rekneskap 2021 - Bordgleder Kinn kommune KF
Årsmelding 2021 - Bordgleder Kinn kommune KF
Revisjonsmelding Bordgleder Kinn kommune KF
Rekneskap og årsmelding 2021 Bordgleder KF